



Kviteseid kommune

Handlingsplan mot vald i nære relasjonar



Foto: Pixabay.com

2018-2022



Kviteseid kommune

Innhald

Handlingsplan mot vald i nære relasjonar.....	1
1. Innleiing	2
2. Betre føre var. Om førebygging og synleggjering.....	5
3. Tryggleik til å handle. Om kunnskap og kompetanse.....	8
4. Alle skal nåast. Om hjelpe- og behandlingstilbod ved mistanke om vald.....	9
5. Lov og rett. Om straffeforfylging.....	11
6. Saman blir me betre. Om samarbeid og samordning.....	12
7. Forslag til vegen vidare.....	15
8. Litteraturliste:	16

1. Innleiing

I ljós av Stortingsmelding15 (2012 – 2013) "*Forebygging og bekjempelse av vald i nære relasjonar – Det handler om å leve*" og nasjonale føringar, blei det sett ned ei arbeidsgruppe der desse har vore med:

- Bjørn Håvard Olsen, lensmann
- Tordis Stenrud, frivilligkoordinator
- Anne Ruth Syrtveit Mikalsen, kommuneoverlege
- Anne Asprusten, folkehelsekoordinator
- Reidun Øverland, leiar psykisk helse og for kommunens kriseteam

Arbeidsgruppa har hatt jamleg kontakt med, og fått gode innspel frå, fagpersonar innan forskjellige sektorar i dei kommunale og interkommunale tenestene. Det har vore kontakt med helsetenesta, skulesektoren, barnehagar, flyktningtenesta, kyrkja, politiet, interkommunal barnevernsteneste, interkommunal tannhelseteneste og interkommunal PPT.

Denne handlingsplanen er eit resultat av dette arbeidet.

Målgruppa for denne planen er fyrst og fremst tilsette i Kviteseid kommune. Me vel likevel å gjera planen tilgjengeleg for alle, som eit ledd i informasjon for innbyggjarane i Kviteseid kommune.



Kviteseid kommune

1.1 Definisjon av vald.

Arbeidsgruppa vel å definere vald som vondskap, og enkelte former for omsorgssvikt (t.d. vanstell og forsømming).

"Ondskap er tilfeller av villet påføring av smerte og lidelse på en annen" seier Arne Johan Vetlesen, filosof.



Foto: Pixabay.com

Omgrepet «Vald i nære relasjonar» vel me å definere som eit omgrep der valdsutøvar og offer er knytte til kvarandre ved familieband, i arbeid, i institusjon eller på fritid. **Me meiner dette gjeld alle personar, frå vogge til grav, og også det ufødde barnet.**

Ulike typar vald kan vera:

Fysisk vald: T.d. halde, dytte, riste, klype, bruk av slag, spark, våpenbruk og drap.

Psykisk/emosjonell vald: T.d. krenking i sosiale media og øvrig skade, skremme eller krenke, som ikkje er direkte fysisk i sin natur. Det kan vera å styre eller dominere andre ved hjelp av makt eller trugsmål, som kan vera både direkte og indirekte. Den er degraderande, nedverdiggande, audmjukande og kontrollerande.

Omsorgssvikt: T.d. nedvurdering, latterleggjering, trugsmål om straff, vanstell og forsømming av fysiske og psykiske behov.



Kviteseid kommune

Materiell vald: Handlingar retta mot ting eller gjenstandar. Døme: Slå inn dører, veggjar eller vindauge, kaste og rasere inventar, knuse eller øydelegge gjenstandar eller rive sund klede, skulesekkar m.m.

Seksuell vald: T.d. trakassering, krenkingar, bli pressa til å utføre uønskete seksuelle handlingar, inkludert å bli utsett for valdtekt og seksuell tortur.

Latent vald: T.d. å «gå på nåler», vera på vakt og vente på valden. Den verkar i kraft av at den kan bli gjort mogleg, og er då til stades heile tida.

Økonomisk vald: T.d. bli hindra i å ha råderett over eigen økonomi.

Æresrelatert vald og ekstrem kontroll: Utøving av vald i frykt for å miste ære eller posisjon. Denne oppstår spesielt i situasjonar som er prega av sosial endring, under press som t.d. busetting i eit anna land.

I nokre land brukast æresrelatert vald og ekstrem kontroll til å gifte bort barn mot deira vilje. Dette er eit overgrep mot menneskets rett til å velje ektefelle. Kjønnslēmlesting er fellesnemning på alle typar inngrep der kjønnsorgan blir varig skada.

Kva med dei gongene me som menneske ikkje har eit tilsikta motiv med å ville påføre smerte og liding på ein annan, men som likevel fører til at den andre opplever å verta utsett for krenkingar, smerte, liding, vanstell eller forsømming i ulik grad?

Denne handlingsplanen ynskjer å auke medvitet rundt det etiske aspektet i alle nære relasjonar.

«Ein har aldri med eit anna menneske å gjera utan at ein held noko av livet til vedkomande i handa si.» (Knud E. Løgstrup)



Foto: Pixabay.com



Kviteseid kommune

2. Betre føre var. Om førebygging og synleggjering.

2.1 Synleggjering

Å avdekke vald er ikkje alltid lett. Fordi vald har så ulike uttrykk er det vanskeleg å seie kva for symptom ein skal sjå etter. Mange av symptoma fell saman med andre belastningar. Ver obs på at nokre av teikna kan ha andre årsaker Korleis kan du sjå at eit spedbarn, ein trist familiefar eller ein engsteleg eldre pleietrengande med demens er eit offer for vald? Er det vald, eller er det noko anna? Teikn på fysisk skade eller vald kan bortforklarast. Symptom på vald kan vera forvirrande.

Erfaringa er at det beste me kan gjera er å bryte teiinga og tabuet. Denne handlingsplanen seier noko om kven som kan vera med å gjera noko, kva som kan gjerast, og kvar ein kan vende seg.

Nokon kan ha fysisk uro og konsentrasjonssvikt, men kan og verke veldig omsorgsfulle, flinke eller stille.

Moglege teikn ein kan sjå etter: (Me gjer merksam på at fleire av teikna som er nemnd under spesifikke avsnitt òg kan vere teikn på andre typar vald)

Teikn på omsorgssvikt og vanstell:

- Mangel på god hygiene i form av bleieskift, kroppsvask og klede
- Mangel på klede tilpassa vêr og årstid
- Manglande oppmøte hos helse og tannhelse
- Unaturleg høgt fråvær frå skulen, redusert konsentrasjon & behov for søvn
- Mangel på næring, i form av ei god nistepakke hos skulebarn
- Gjentekne handlingar der barn tek mat eller pengar av andre
- Foreldre/omsorgspersonar som brukar rusmiddel/medikament
- Foreldre/omsorgspersonar som har psykiske lidningar



Kviteseid kommune

Teikn på seksuelle overgrep:

- Sår i munnen
- Har dårleg tannstatus og omfattande karies
- Vil ikkje gapa, vanskar med å ha tannbørste i munnen
- Mangel på god hygiene i form av bleieskift og kroppsvask
- Barn som i stor grad "pleasar" vaksne eller barn, som gjer seg sjølv usynleg i sosiale samanhengar (Søftestad & Andersen, 2014, s. 31), dei "perfekte" barna
- Barn med urovekkjande seksuell åtferd som skil seg ut frå det normale
- Mestringsstrategiar hos utsette barn som bidreg til å skjule omverda for kva dei vert utsette for, t.d. "klovnen" i klassa eller barnet som presterer godt fagleg
- Emosjonelle problem som fylgjer av traumatiserande barndomserfaringar.
"To hovedkategorier er depresjon og angstlidelser, som kan vise seg som uro, engstelse, fobier, sosial tilbaketrekning, mangel på energi, oppmerksomhets – og konsentrasjonsvansker, kroppslig uro, dårlig selvtillit, søvnforstyrrelser og selvmordstanker" (Søftestad & Andersen, 2014, s. 31)
- Emosjonelle problem kan føre til følelsar av skam, stigma og hjelpeløyse til eigen kropp og føre til rusmisbruk, eteforstyrningar, sjølvskading og risikofylt seksuell aktivitet (Søftestad & Andersen, 2014, s. 31)
- Viser utagerande og utprøvande åtferd
- Kjem med konkrete utsegner
- Overgrepsutsette barn legg ut ulike "gulltrådar", bevisst eller ubevisst, for å fange merksemda til dei vaksne (Søftestad & Andersen, 2014, s. 32)
- Er plaga av smerter frå kjønnsorganet som kan vera raudt og sårt, eller ha utflod og blod



Kviteseid kommune

Teikn på fysisk mishandling:

- Blåmerke, brot, brannså, bitemerke, hovne område, andre skadar på kroppen
- Mange «vondtar»
- Frykt
- Valdeleg åtferd
- Generelt sein utvikling hjå barn

Teikn på psykisk mishandling:

- Er sosialt tilbaketrekt
- Har uvanleg sterkt sinne
- Har låg sjølvtilitt
- Lir av eteforstyrning
- Har angst og depresjon
- Prøvar å rømme
- Seinare utvikling enn normalt, både fysisk og psykisk

Kjønnslemlesting, sentrale opplysningar og risikofaktorar:

- At mor til jenta er kjønnslemlesta
- At andre kvinnelege slektningar i utlandet eller heimlandet er kjønnslemlesta
- At familie som nyleg er komen til landet planlegg reise til heimlandet for seg og jenta, eller at jenta skal reise til besteforeldre i utlandet
- At foreldre søkjer skulen om forlenga ferie for jenta eller har fått løyve til forlenga ferie
- Foreldra sine haldningar til kjønnslemlesting



Kviteseid kommune

Offentleg tilsette har plikt til å avverje kjønnslemlesting om dei mistenkjer at inngrepet planleggjast. Dei skal også sikre nødvendig helseomsorg til jenter og kvinner som alt **har** blitt utsett for kjønnslemlesting. NBI: Det er ikkje straffbart å **vera** kjønnslemlesta.

Tvangsekteskap

Å tvinge nokon til å inngå ekteskap er forbode ved norsk lov, og krenkjer grunnleggande menneskerettar. Tvangsekteskap vert i dag definert som ein del av fenomenet vald i nære relasjonar. Alle offentlege instansar og tenester som får opplysningar som skapar uro for at barn skal giftast, har opplysningsplikt til barnevernstenesta. Ved slik mistanke skal barnevernstenesta, og politi, varslast utan at familien er informert.

2.2 Ansvar

Den enkelte innbyggjar:

Har, etter evne, plikt til å hjelpe ein person som openbert står i fare for å miste livet eller bli påført skade på kropp og/eller helse.

Etatane:

Alle offentleg tilsette er lovpålagd å melde frå til politiet og/eller barnevernet ved mistanke om vald/overgrep.

"Du skal ikke tåle så inderlig vel, den urett som ikke rammer deg selv"
(Arnulf Øverland)

3. Tryggleik til å handle. Om kunnskap og kompetanse.

Avverjeplikta trør inn når ein held det for sikkert eller mest sannsynleg at ein aktuell straffbar handling vil bli utført eller er utført. Opplysningsplikt går framom teieplikt. (I alvorlege tilfelle kan og teieplikta verta sett til sides). Opplysningsplikta er eit sjølvstendig ansvar. Den trør inn når du har grunn til å tru at nokon vert utsett for vald.

Vald er kriminelle handlingar som skal handterast av politiet. Det er ikkje ditt ansvar å skaffe bevis for at vald skjer. Har du mistanke, meld frå til politiet, og det er politiet sitt ansvar å undersøkje tilhøva. Dersom du ikkje er offentleg tilsett kan du vera anonym. Offentleg tilsette kan ikkje vera anonyme.

Har du mistanke om omsorgssvikt når det gjeld personar under 18 år, meld i frå til barnevernet. Her gjeld det same om anonymitet som hjå politiet. Barnevernet vil spørje deg om du vil vera anonym eller ikkje. Her også er det nok med mistanke om omsorgssvikt for å melde i frå, barnevernet vil setje i verk nødvendige undersøkingar.



Kviteseid kommune

Har du mistanke om omsorgssvikt for vaksne og eldre heimebuande pleietrengande, meld i frå enten til heimetenesta eller til legekantoret. Kommuneoverlegen har løyve til å koma på umelde heimebesøk dersom det skulle vera nødvendig.

Dersom du som ikkje offentleg tilsett synest dette er vanskeleg, kan du søkje råd og rettleiing utan atterhald hjå t.d.: psykisk helseteneste (97 79 04 76), prostidiakon (91 11 35 80), fastlegen din, eller andre offentleg tilsette du har tillit til.

4. Alle skal nåast. Om hjelpe- og behandlingstilbod ved mistanke om vald.

Utover dette kan fylgjande kontaktpunkt vera til nytte/hjelp:

Namn	Tlf.	E-post	Nettside	Diverse
Alarmtelefonen for barn og unge	116 111	alarm@11611.no	www.116111.no	15.00-08.00, Døgnope helg og heilag dagar
Alternativ til vold	35 55 98 00	telemark@atv-stiftelsen.no	atv-stiftelsen.no	09.00-15.00, mån-fredag
Barnevern-samarbeidet i Vest-Telemark	35055400			Mån-fred 09.00-15.00
Barnevernsvakt for Telemark	90053304			Mån-fred 16.00-08.00 helg og heilag dagar: heile døgnet
Din utvei.no			www.dinutvei.no	Nasjonale veiviser ved vold og overgrep
Familiekontoret i Øvre Telemark	35 06 88 50	Familiekontoret.ovre.tt elemark@bufetat.no	www.familievern.no	
Helsestasjon/ Helsestasjon for ungdom	35 06 82 60		www.kviteseid.kommune.no	
Kirkens SOS	22400040	post@kirkens-sos.no	www.kirkens-sos.no	Døgnope
Kviteseid legekantore	35068250		www.kviteseid.kommune.no	Dagtid



Kviteseid kommune

Krisesenter	35503800	post@krisesenteretitel emark.no	www.krisesenteretitelemark.no	Døgnope alle dagar
Legevakt	116117 / 113		www.kviteseid. kommune.no	Døgnope
Overgrep.no			www.overgrep.no	
Politiet	02800 / 112		politiet.no	
Røde Kors «Kors på halsen»	80033321/ chat	Mailkontakt krev registrering og pålogging.	www.korspåhalsen.no	Alder opp til 18 år mån-fredag 14- 22
Røde Kors telefonen om tvangsekteskap og kjønnslem- lestelse	81555201	INFO.TVANGSEKTE SKAP@ REDCROSS.NO	Rodekorstelefonen.no	Mån-fredag 09- 16
SEIF (selvhjelp for innvandrere og flyktninger)	22034830	seif@seif.no	www.seif.no	
Senter mot incest og seksuelle overgrep i Telemark (SMISO)	35588880	post@smstelemark.no	www.smstelemark.no	Mån –fre 09-15
Skulehelse- tenesta	35068264		www.kviteseidkommune .no	Mån-fre på dagtid
Stine Sofies Stiftelse	37294090	post@barnerett.com	www.stinesofiesstiftelse.no	
Tannklinikken i Seljord	35050159		www.Tannlege.nu	
Ung	116111		www.ung.no	
Vern for eldre	800 30 196		www.vernforeldre.no	"Utrygghet har ingen aldersgrense"



Kviteseid kommune

5. Lov og rett. Om straffeforfylging.



Foto: Pixabay.com

Det er viktig å plassere ansvaret der det høyrer heime – hjå overgripar. Ansvarsplasseringa skjer i hovudsak ved at skuldspørsmålet vert stadfesta i ei retts sak. Valdsutøvar får ein dom og straff for overgrepa som er gjort.

Riksadvokaten har i rundskriv frå 2008 gjeve detaljerte retningslinjer for politiet og påtalemakta si handtering av saker om familievald, gjennom heile straffesaksprosessen. Kravet om effektiv innsats på saksområdet vert uttalt av riksadvokaten i «Mål og prioriteringer for straffesaksbehandling i 2013» (Rundskriv nr.1/2013): *«Det er fortsatt behov for å iverksette tiltak for å bedre oppklaringen av voldssaker. Særlig oppmerksomhet bør rettes mot vold i nære relasjonar»*.

Vald i nære relasjonar kan inngå i den kategori saker som vert gjeve forrang dersom det er knappe ressursar. Desse sakene skal oppklarast så langt råd er, med kortast mogleg liggetid både hjå etterforskar og jurist.

Seksuallovbrudd: Kan straffast med opp til 21 års fengsel.

Vald i form av truugssmål/tvang kan straffast med alt frå bot og opp til, i dei grovaste tilfella, fengsel i 10 år.

Menneskehandel kan straffast med alt frå bot og opp til fengsel i 10 år.

Slaveri kan straffast med opp til 21 års fengsel.

Vald mot lekam kan straffast med alt frå bot og opp til fengsel i 15 år. Ved dødsfall er høgste straff 21 års fengsel.

Vald mot materiell (skadeverk) kan straffast med alt frå bot og til fengsel opptil 6 år.



Kviteseid kommune

6. Saman blir me betre. Om samarbeid og samordning.

Mål og visjonar



Foto: Pixabay.com

Måla i denne handlingsplanen byggjer på §3 i folkehelseleva.
Vår visjon er: Ein valdsfri kommune.

Folkehelselevens §3: «*Samfunnets innsats for å påvirke faktorer som direkte eller indirekte fremmer befolkningens helse og trivsel, forebygger psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse, eller som beskytter mot helsetrusler, samt arbeid for en jevnere fordeling av faktorer som direkte eller indirekte påvirker helsen.*»

DET ER LOVPÅLAGT Å LEVERE POLITIATTEST FOR ARBEIDSTAKARAR SOM SKAL JOBBE MED BORN OG PLEIETRENGANDE.

FRIVILJUGE ORGANISASJONAR KAN (BØR I EIT FØREBYGGANDE OG MORALSK PERSPEKTIV) OGSÅ KREVJE DETTE.

Det er altså ein føresetnad at alle som utfører oppgåver som inneber eit tillits- eller ansvarstilhøve overfor mindreårige eller hjelpetrengande menneske viser fram ein politiattest utan merknader.



Kviteseid kommune

Eksisterende tiltak i Kviteseid kommune: Lista er ikkje uttømmende. Om nokon har kunnskap om andre tiltak i kommunens regi ynskjer vi at dei informerer kommunen om dette.

MÅLGRUPPE:	TILTAK:	ANSVARLEG:
Det ufødde barnet	Svangerskapskontroll	Jordmor
Det ufødde barnet	Kan fatte vedtak om testing opp mot rus	Tenestekontoret
Barn	Ordinære helsestasjonskontrollar	Helsesystem/helsestasjonslege
Barn	4 monaders kontroll og 6 års kontroll	Fysioterapitenesta
Barn	COS-P (Circle og security-parenting)	Helsestasjon
Barn	TiBir (Tidleg innsats for barn i risiko)	Helsestasjon
Barn	Grønne tanker – glade barn	Barnehagen
Barn	Zippys vener	1-4. trinn
Barn	Venebenk	SFO
Barn	Skrytestol	SFO
Barn og unge	Tiltak mot "Mobbeapp'ar på smarttelefoner"	Grunnskulen
Barn og unge	ART ("Agression replacement training" – sinnemestring)	Psykisk helse barn og unge
Barn og unge	"Jentesnakk" («Kjærleik og grenser», pubertet, seksualitet, alkohol, narkotika, tobakk)	Psykisk helse barn og unge
Barn og unge	Helsestasjon for ungdom	Helsestasjon
Barn og unge	Regelbunden oppfølging frå tannhelsetenesta	Interkommunal tannhelseteneste
Barn og unge	"På rett kjøll"	Politiet og helsestasjon
Unge	VIP	Psykisk helse barn og unge i samarbeid med Kvitsund Gymnas
Unge	Venn 1	Helsestasjonen
Unge	"Guttegruppe"	Prostidiakon og sosiallærer ved Kvitsund Gymnas
Alle	Verje	Fylkesmannen
MÅLGRUPPE:	TILTAK:	ANSVARLEG:



Kviteseid kommune

Vaksne	Kommunalt legekantor	Kommuneoverlegen i Kviteseid
Eldre	"Framtidfullmakt" Fagdag frå nasjonalt kunnskapsenter om vald og stress	Kommunen sitt tenestekantor
Eldre	Tilsyn og observasjon med krav om dokumentasjon	Heimetenesta
Eldre	Tilsyn og observasjon med krav om dokumentasjon	Dagleg leiar av Midtsundtoppen dagsenter
Eldre	Tilsyn og observasjon med krav om dokumentasjon	Kviteseid omsorgssenter
Generelt	Politiattest	M.a. friviljuge organisasjonar, kommunale tenester
Kviteseid kommune sine medarbeidarar	Etiske retningsliner	Kviteseid kommune
Helsestasjon, psykisk helse barn & unge, jordmor, fysioterapeut og helsestasjonslege	Samarbeidsmøte kvar tredje veke	Helsesystemer
Tverrfagleg førebyggjande forum	Samarbeidsmøte 2 gonger i året	Rådmannen
Legevaktlegane	Pålagt kurs om vald/overgrep frå mai 2018	Legevakta
Elevar i Kviteseid	Gjennomføre Ung-data undersøkingane når dei kjem frå KORUS	Kommunalsjef skule og barnehage/rektorar
Barnehagane, helsestasjonen, PPT og barnevern	Tverrfagleg nettverksgruppe med faste samarbeidsmøte	Rådmannen
Utsette personar	Friviljug forvaltning av økonomi. I enkelte tilfelle tvungen forvaltning av økonomi	NAV

Eksisterande tiltak som er nemnde, må evaluerast og reviderast kontinuerleg.



Kviteseid kommune

7. Forslag til vegen vidare

- Arbeidsgruppa føreslår at Kviteseid kommune krev at friviljuge organisasjonar skal stadfeste at alle personar som arbeider med born, unge og pleietrengande, har gyldig politiattest for å kunne bli tildelt kommunale midlar om dei søker slike.
- Arbeidsgruppa føreslår at kommunen må gå gjennom sine lister over tilsette og sjekke ut at dei som skal levere politiattest, har levert.
- Arbeidsgruppa føreslår å lage ein lettlest faldar med informasjon til innbyggjarane.
- Tverrfagleg førebyggjande forum bør vurdere innhaldet i tiltaka jamleg.
- Dei einskilde etatane bør lage ein særskild plan, innanfor sitt arbeidsfelt, med tiltak for førebygging av vald i nære relasjonar. Planane bør innehalde konkrete tiltak for å redusere vald, hindre at vald oppstår og stoppe pågåande vald. Dei skal og ha tiltak for å hjelpe både valdsutsette og valdsutøvar. Den bør gjerast språkleg og kulturelt tilpassa.
- Regjeringa oppmodar kommunane til å opprette koordinator for å styrke arbeidet mot vald i nære relasjonar.



Foto: Pixabay.com



Kviteseid kommune

8. Litteraturliste:

Hammerlin, Y. og Leer-Salvesen, P. (2014). *Voldens ansikter – en dialog om ondskap, ansvar og håp*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Handlingsplan. *Et liv uten vold – Handlingsplan mot vold i nære relasjoner 2014-2017*. Oslo: Justis- og beredskapsdepartementet. Hentet 1.11.2017 fra:
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/et-liv-uten-vold/id733697/>

Handlingsplan. *Handlingsplaner mot tvangsekteskap og kjønnslemlestelse (2012)*. Oslo: Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet. Hentet 1.11.2017 fra:
<https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/bld/tvangsekteskap/handlingsplan.pdf>

Kviteseid kommune. *Etiske retningslinjer*. (2014)

Meld. St. 15 (2012-2013). *Forebygging og bekjempelse av vold i nære relasjoner – Det handler om å leve*. Oslo: Det kongelige justis- og beredskapsdepartement. Hentet 1.11.2017 fra:
<https://www.regjeringen.no/contentassets/1cea841363e2436b8eb91aa6b3b2d48e/no/pdfs/stm201220130015000dddpdfs.pdf>

Myhre, M.C., Borchrevink, C., Sommerfeldt, M.B. (2015). *Oversikt over rutineguider og kartleggingsverktøy for avdekking av vold i nære relasjoner*. Oslo: Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress. Hentet 1.11.2017 fra:
<https://www.bing.com/search?q=oversikt+over+rutineguider+og+kartleggingsverkt%C3%B8y+for+avdekking+av+vold+i+n%C3%A6re+relasjoner&src=IE-TopResult&FORM=IETR02&conversationid=>

Stine Sofies Stiftelse. Veileder: *Barn som voldsofre*. Hentet 1.11.2017 fra:
<http://stinesofiesstiftelse.no/index.php?artID=534>.

Søftestad, S. og Andersen, I. L. (2014). *Seksuelle overgrep mot barn. Traumebevisst tilnærming*. Oslo: Universitetsforlaget

Tiltaksplan for å bekjempe vold og seksuelle overgrep mot barn og ungdom (2014-2017). *En god barndom varer livet ut*. Oslo: Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet. Hentet 1.11.2017 fra:
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/Tiltaksplan-for-a-bekjempe-vold-og-seksuelle-overgrep-mot-barn-og-ungdom-2014-2017/id2344450/>